



**SOGN OG FJORDANE FYLKESKOMMUNE**  
**FYLKESJUKEHUSET I LÆRDAL**  
**Bustadstiftinga**

Lærdal Kommune  
 6887 LÆRDAL

LÆRDAL KOMMUNE Sentraladministrasjonen	
Årsaksnr: 1/946	Løpenr: 5274
04.10.2001	
Art.: 611	S
Avd.:	CS
Kassasjonsår:	2001

Sakshandsamar: Kåre Mentz Lysne tlf.dir.: 57 64 00 52 E.post: kare.mentz.lysne@sf-f.kommune.no

Arkivkode: 611  
 Vår ref.: Arkivsnr.: 00/00595  
 L.nr.: 035379/01

Dykkar ref.

Dato: 04.10.01

LÆRDAL KOMMUNE TEKNISK ETAT	
- 8 OKT. 2001	
L.nr. 5297	Arkiv nr. L33
Sak.nr. 01/948	Saksbeh. TBE

**VEDKOMMANDE GNR. 24 BNR. 5 I OFTA**

I samanheng med at staten skal overta drifta av sjukehuset, har vi hatt ein gjennomgang av status for alle eigedommane som er tilhøyrande Sogn og Fjordane Fylkeskommune og Bustadstiftinga ved sjukehuset.

I den samanheng har vi oppdaga at tomta (24/5) som husa Ofta 3, Ofta 4, Sjukehusvegen 19 og Sjukehusvegen 21 er i følge utskrift av grunnboka eigd av Lærdal Kommune.

På møte som vi hadde på sjukehuset onsdag 3. oktober saman med ordførar og rådmann fann vi ut at denne tomta mest sannsynleg vart "gløymd" å bli overført til Bustadstiftinga på byrjinga av 70-tallet når dei andre tomtane i området vart overført til stiftinga. Bustadstiftinga ved sjukehuset søker med dette om å få overført gnr. 24 bnr. 5 til oss vederlagsfritt. Stiftinga er innstilt på å betale kostnadene med oppmåling og tinglysing. Bustadstiftinga ser det som viktig å ordna opp i dette eigedomshøve før staten overtek sjukehusdrifta.

Som kjent held Bustadstiftinga på med eit omfattande prosjekt der vi renoverer områda våre både innvendig og utvendig, med bl.a. skikkeleg opparbeidde parkeringsplassar til alle bueningane våre. I denne samanheng er det eit område oppe i Ofta, merka "hagane" på vedlagt teikning, som i dag delvis er grodd att. Stiftinga kunne ynskt seg å gjera denne plassen om til gjesteparkering for å unngå den parkering som i dag pågår på vegskuldrane i Ofta. Bustadstiftinga søker med dette om å få overført dette arealet til oss, vederlagsfritt, mot at vi betalar kostnadene med overtakinga.

Er det spørsmål vedkommande desse to søknadene ta direkte kontakt med dagleg leiar for stiftinga, Knut O. Aarethun (57640105), eller styreleiar Kåre Mentz lysne (57640052).

Med helsing

Kåre Mentz Lysne

styreleiar Bustadstiftinga ved sjukehuset

Kopi: Styret

Telen.dat

Postadresse: , 6887 LÆRDAL  
 Besøksadresse:  
 Bankgiro: 3838.07.60581

Telefon: 57 64 40 00 Telefaks: 57 64 00 01  
 Org.nr.: 874 763 942  
 E.post: postmottak.fshl@sf-f.kommune.no  
 Internettadr.: http://www.sf-f.kommune.no/fshl